

# Referat frå styremøte i Grendautvalet i Vats

Onsdag 23. sept. 2009 på Vats skule Kl.20.00

Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Gro Karin Velde, Severin Fatland, Jon Olav Velde  
(Ingunn Skosheim Ohm kunne ikkje møta)

## Sak 1. Anonyme brev og truslar i Nedre Vats.

Det har i det siste vore sendt anonyme brev til miljøforkjemperar i Miljøverngr. i Vats med kvitt pulver i + truslar om å slutta å ytra seg vidare.

Vidare er det sendt anonymt brev til Fylkesmannen i Rogaland med kopi til 8 ulike store offentlege instansar om 4 avfallsdeponi i Nedre Vats. Dette brevet er utførleg skrive og seier kva deponia inneheld, henvisningar til ulike lovar og paragrafar, kart over kor dei ligg og med bilete av deponia.

**Brevet er underskrive "Bygdefolk i Nedre Vats" Kven er det???**

Avisene har fått tak i dette og vil vita korleis Grendautvalet vil stilla seg til slik åtferd. Grendautvalet tek sterk avstand frå slik ukultur fordi det skaper frustrasjon og sinne og mistenksomhet blant folk i bygda. Både Haugesund Avis og Grannar vil ha intervju med leiaren i Grendautvalet.

Her må me visa varsemd og ikkje blanda oss inn i ein "konflikt" som me ikkje har innsyn i. Men me må tydeleg ta avstand frå denne anonymiteten som er så farleg – me veit ikkje kven me bør ha dialog med.

Ytringsfridommen står sterkt – me treng folk som seier frå på ein open måte – dei må ikkje måtta gøyma seg for å ytra seg. Det er kriminelt å senda trusselbrev med pulver i.

Likeeins er det å senda anonymt brev til Fylkesmannen forkasteleg. Kven skal Fylkesmannen senda tilbakemelding til?

Den eller dei burde ta kontakt med eigerane av deponia før ein slår på stortromma og sender brev. Då kan ein få i gong ein positiv dialog. I dette tilfellet virkar det som om det er personar som skal takast for eit eller anna.

Kven som står bak breva, har me ikkje aning om.

Leiaren, Jon Olav blir kontakta av journalist Sigmund Hansen i Haugesund og journalist Edvardsen i Grannar. Der vil han gi klart uttrykk for kva Grendautvalet meiner om dette.

Øvre Vats 24/9 – 09

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-